



Handlingsplan mot mobbing for Horpestad skule

I Horpestad skule sin mobbeplan kan du finna definisjonen på mobbing, kva me gjer når me oppdagar mobbing samt førebyggjande tiltak. Horpestad skule er ein Zero skule. Zero er eit program mot mobbing som skulane kan nytta for å førebygga og redusera mobbing.

Programmet gjer dei tilsette på skulen veiledning i å avdekkja mobbing, løyse mobbesaker, førebygga mobbing og gjera innsatsen mot mobbing som ein del av skulens daglege arbeid.

Dette inneber at **Dei vaksne på Horpestad skule forpliktar seg til å ta mobbing på alvor.**

1. Mobbing er:

Mobbing er psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller gruppe.

Mobbing kjenneteiknes av at styrkeforholdet mellom mobber og offer er ujamnt og at handlinga vert gjenteke over tid.

Mobbing kan vera skjult, t.d utestengjing, mobbing via mobiltelefon eller nettet.

Mobbing kan vera open t. d fysisk plaging.

Skilnaden mellom mobbing og ein konflikt ligg i at styrkeforholdet mellom dei ulike partane i ein konflikt er ujamn.

Eit barn vert mobba når ein eller fleire

(fritt etter Olweus)

- Seier vonde eller ubehagelege ting.
- Gjer narr av
- Brukar stygge kallenamn
- Overser eller stengjer ute med hensikt
- Slår, sparkar, dyttar eller truar
- Fortel løgner, sprer falske rykte, sender dumme lappar eller prøver å få andre til å mislika han eller henne.

Det er mobbing når dette skjer ofte, og det er vanskeleg for den som blir plaga å forsvare seg.

AVDEKKING – Kva gjer me for å oppdaga og eller oppklara mobbing?

Horpestad skule er ein zero skule med ei eiga ressursgruppe som skal vera til hjelp i mobbesakar. Har du mistanke om at mobbing skjer på trinnet ditt, kan du ta kontakt med ressursgruppa for vegleing og hjelp. Det er kontaktlærar som har hovudansvar for avdekking, problemløysing og førebygging av mobbing på trinnet, men zero ressursgruppa og sosiallærar skal bistå med hjelp og vegleing. Zero ressursgruppa består av rektor Dag Tellef Risdal, Spes.ped Heidi Håland, spes. Ped Ruth Kristin Hatleskog, kontaktlærar Jeanett Ødegård og kontaktlærar Frank Sørensen

- Som zero skule bruker Horpestad skule "Innblikk" ved behov i avdekking av mobbing. "Innblikk" er ein vegleing med intervju og observasjonsskjema som ein kan ta i heile klassen eller bestemte grupper ved mistanke om mobbing eller negative gruppedannelsar.
- Kvar år gjennomfører skulen ei mobbeundersøking. Leiinga har ansvar for gjennomføring og registrering. Kontaktlærar i samarbeid med lærar og andre tilsette på trinnet drøftar funna frå undersøkinga.
- Kontaktlærar tek opp spørsmål om mobbing i elevsamtalar (standardisert spørjeskjema til elevsamtalene)

PROBLEMLØYSING - Kva gjer me når me oppdagar mobbing?

1. (Læraren/ den som har oppdaga plaginga) orienterar seg om situasjonen og prøver å samle mest mogleg informasjon rundt saka ved å snakke med andre elevar, kva har dei høyrte og observert. Prøv å dann deg eit bilete av kva som har skjedd. Gje beskjed til kontaktlæraren til offer og mobbar om kva som har skjedd.
2. Kontaktlærar snakkar med mobbeofferet med påfølgande telefon heim til foreldre/føresette.
3. Kontaktlærar snakkar med mobbarane med påfølgande telefon heim til foreldre føresette.
4. Kontaktlærar informerar zero ressursgruppa, sosiallærar og rektor.
5. Kontaktlærar, zero gruppa og sosiallærar legg opp ein vidare plan og fordeler ansvarsoppgåver.
6. Tiltak kan vera:
 - Jamlege samtalar med offeret
 - Jamlege samtalar med mobbarane
 - Hjelp og støtte til offeret
 - Innkalla foreldre/føresette og born til møte
 - Ekstra vakter i friminutt , før og etter skuletid.
 - Det skal førast logg/referat over episodar og kva me gjer.

Skulen har jamleg besøk av PPT, Cecilie Heskestad er noværande zero representant på Horpestad skule frå PPT. Kontaktlærar eller ressursgruppa kan ta kontakt med ho for å drøfta saker.

Arbeid i etterkant av ei mobbesak kan og vera nødvendig. Oppfølgjingsamtalar med mobbarane, mobbeofferet, evt tilskodarar og klassen. Leiinga og zero ressursgruppa må evaluera mobbesaka og eventuelt gjera endringar eller setja inn nye tiltak for å førebygga.

FØREBYGGING – Kva gjer me for å førebygga mobbing på skulen og på dei enkelte trinna?

- Skulen har felles zero samlingar i gymsalen ein gong i mnd.
- Kvart trinn skal ha ein zero time i veka med fokus på sosiale relasjonar og sosial kompetanse.
- Vakter med gule vestar på kvar side av skulen både på morgonen og i friminutta.
- Bussvakt etter skulen
- Elevundersøking skal gjennomførast kvart år
- Elevsamtalar - kontaktlærars ansvar
- Elevintervju og/ eller elevobservasjon med fokus på avdekking ved mistanke om mobbing
- Skulen har ei mobbeside på min skule med informasjon til foreldre og elevar med nyttige lenkar.
- Skulens tilsette har mobbing som fast tema på skulens pedagogisk utviklingstid ein gong i mnd.
- Kvart klassetrinn har ein årshjul med sosiale mål
- Kontaktlærar har ansvar for å ha jamn kontakt med heimen og dei føresette.
- Årleg gjennomgang av mobbeplanen
- Ved skulestart kvart år skal det markerast at Horpestad skule er ein zero skule
- 4 trinns elevar har ansvar for å vera faddarar for dei nye 1 klassingane. Dei skal hjelpa fyste klassingane å få ein trygg skulekvardag.
- Nytilsette ved Horpestad skule skal få innføring i zero og mobbeplanen av fadderen sin.
- Trygg og god overgang frå barnehage skal sikrast ved:
 1. Innskrivningsfest for dei små nye i nov/des.
 2. Informasjonsmøte rundt den 10.02.
 3. Besøksdag på skulen og i skogen mai og juni
 4. På morgon sfo kan bhg ungane vera med sfo ungane i leiken og i 1.trinns lokalene.
 5. Mix Master annan kvar veke.